



Sakshandsamar: Gøsta Hagenlund
Telefon: 57 64 31 21
E-post fmsfgh@fylkesmannen.no

Vår dato
1.7.2015

Vår referanse
11/394
Rapportnummer
2015.058.I.FMSF

Yeoman Halsvik as

Tilsyn ved Yeoman Halsvik Quarry i Sløvåg i Gulen - krav om retting av avvik – gebyr

Rapporten omhandlar funn som kontrolløren kunne observere eller på annan måte fekk kjennskap til under tilsynet. Funn vert omtalt som *avvik* frå krav i ureiningslova med forskrifter, *merknader* om forbedringspunkt eller *andre forhold* som kan vere viktig å omtale nærare. Rapporten omtalar også stadfesting av kontrollgebyr.

Tilstades under kontrollen Frå verksemda: Scott R. Watson, Patrick Jefford, Magne Halland, Vilmoy Gaustad Innleigd: Bjørn Garlimo	Frå miljøvernavdelinga hos Fylkesmannen: Gøsta Hagenlund, Grete Haugan
Desse hovudtema vart kontrollert: <input checked="" type="checkbox"/> Internkontroll (ytre miljø) <input checked="" type="checkbox"/> Risikovurdering <input checked="" type="checkbox"/> Utslepp til luft eller vatn <input type="checkbox"/> Støy <input checked="" type="checkbox"/> Løyvet med vilkår <input type="checkbox"/> Forskriftskrav <input type="checkbox"/> Anna:	<input type="checkbox"/> Avfallshandtering ordinært avfall <input checked="" type="checkbox"/> Handtering av farleg avfall (merking, emballering, mellomlagring, levering) <input type="checkbox"/> Handtering av kjemikal (klassifisering, merking, emballering) <input type="checkbox"/> Sikkerhetsdatablad <input type="checkbox"/> Substitusjon
Bakgrunn for kontrollen: <input type="checkbox"/> Frekvensbasert inspeksjon <input type="checkbox"/> Frekvensbasert revisjon <input type="checkbox"/> Kontrollaksjon <input type="checkbox"/> Ny verksemd (ikkje kontrollert før) <input checked="" type="checkbox"/> Nytt løyve (ikkje kontrollert før)	<input type="checkbox"/> Oppfølging av eigenrapport <input type="checkbox"/> Oppfølging av klage/hending/tips <input type="checkbox"/> Oppfølging av siste kontroll <input type="checkbox"/> Kartlegging <input type="checkbox"/> Anna:

Hovudfunn frå kontrollen

Det vart påvist 3 avvik frå ureiningsregelverket. Melding om retting av avvik må vere send til Fylkesmannen innan 15.9.2015. Fylkesmannen ser alvorleg på avvik 2 om overutslepp. Vi vurderer å følgje opp funnet med ny kontroll.

Rapporten vert vurdert som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil eller mistydingar innan to veker etter at rapporten er motteken. Varsla kontrollgebyr vert då send frå Miljødirektoratet for innbetaling til staten. Vi vil nytte høvet til å takke for ein god gjennomgang på ein travel dag for verksemda.

Med helsing

Gøsta Hagenlund
ass. fylkesmiljøvernssjef

Grete Haugan
senioringeniør

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift

1. Informasjon om verksemda:

Stad (namn på anlegg): Yeoman Halsvik Quarry Ansvarleg verksemd: Yeoman Halsvik as	Verksemdnr.: 977 217 067 Eigd av: 977 213 630
Kontaktperson: Patrick Jefford	Anleggsnr. og anleggsaktivitet: 1411.0005.001 landbasert
<input type="checkbox"/> ISO 14001-sertifisert <input type="checkbox"/> EMAS-registrert	Løyvedato og internt nr.: 28.1.15 (siste endring) 1994.0061.T
Risikoklasse: 3	Gebysats etter § 39-6 i ureiningsforskrifta (jf. utsleppsløyvet): 12 200,-

2. Om kontroll frå ureiningstilsynet

Kontrollen vart gjennomført den 17.6.2015 for å granske om gjeldande krav fastsett i eller i medhald av ureiningslova vert haldne. Kontrollen vart i hovudsak gjennomført ved felles gjennomgang av vilkåra i utsleppsløyvet. I tillegg vart det gjennomført ei kort synfaring på delar av anlegget.

Rapporten inneheld omtale av avvik og merknader innan dei granska områda av ureiningsregelverket der Fylkesmannen har tilsynsansvar. Vi vil gjere merksam på at ikkje *alle* sider av verksemda som kan ha noko å seie for ytre miljø vart granska ved kontrollen. Verksemda må sjølv aktivt utøve internkontroll, avdekkje feil og manglar og iverksetje nødvendige tiltak.

Definisjonar

Avvik	Brot på krav som er fastsett i eller med heimel i helse-, miljø, og tryggleikslovgivinga. (Døme er brot på krav i ureiningslova eller produktkontrolllova, forskrifter til lovene, utsleppsløyve, og verksemda sine egne rutinar som er nødvendige for å støtte styresmaktene sine krav.)
Merknad	Tilhøve som tilsynsetatane meiner det er nødvendig å peike på for å ivareta helse, miljø og tryggleik, og som ikkje vert omfatta av definisjonen for avvik. Brot på egne rutinar som inneheld strengare krav enn lovkrava, kan verte omtala som merknad. Merknadar kan gje grunnlag for enkeltvedtak med krav om tiltak.

Vi gjer merksam på at ein kan finne oversikt over miljøloverket på www.lovdata.no eller vist til frå www.miljodirektoratet.no (sjå under *regelverk*). Dei viktigaste HMS-krava finn ein på nettstaden www.regelhjelp.no. Reglane om gebyrinnkrevjing finn ein under kap. 39 i ureiningsforskrifta.

3. Oppfølging etter kontrollen

Verksemda pliktar snarast råd å rette påviste avvik utan ytterlegare oppfølging eller krav (vedtak) frå Fylkesmannen. De må sende skriftleg (helst elektronisk) melding innan **15.9.2015** at avvika er retta. Meldinga må innehalde dokumentasjon på gjennomførte tiltak, som til dømes bilete av fysiske endringar og kopi av relevante dokument (t.d. endra styringsdokument, utsleppsdata, avfallsmengder, m.m.).

Dersom avvika etter dykkar syn ikkje lar seg rette innan denne tida, må vi ha ein grunngjeve plan med ønske om tid for oppretting *før* fristen for attendemelding. Eventuell utsetjing av frist vil til vanleg vere knytt til vedtak om tvangsmulkt. Tvangsmulkt er eit økonomisk incentiv for å sikre at nødvendige tiltak vert gjennomført innan vedtekne fristar, og vil til vanleg ikkje utløyse tilleggskostnadar for verksemda.

Innan **same dato** som nemnt for avvika må de gjere greie for vurderingar og eventuelle utbetringar i tilknytning til våre merknader. Om vi vurderer at dykkar melding ikkje er tilstrekkeleg kan vi gjere vedtak om tiltak.

Alvorleg avvik

Denne kontrollen påviste eit alvorleg avvik frå ureiningsregelverket. Lovbrotet er nærare omtalt under kapittel 6 i denne rapporten. Alvorlege avvik vil verte følgd opp særskilt, og vi ber om at de legg spesiell vekt på god tilbakemelding for dette forholdet. Når vi har motteke melding om at avviket er retta opp, vil vi vurdere ein oppfølgande kontroll. Kontrollen vil kome i tillegg til dei kontrollane som verksemda elles må vere budd på.

4. Gebyr for kontroll med verksemd med utsleppsløyve

Vi viser til omtalen under kontrollen, og vedtak om utsleppsløyve datert 28.1.2015. Plasseringa av verksemda i risikoklasse 3 vil seie at verksemda etter gjeldande sats i § 39-6 i ureiningsforskrifta skal betale eit gebyr på kr. 12 200,- til staten for den gjennomførte kontrollen. Miljødirektoratet vil seinare sende ut faktura for innbetaling til statskassa.

5. Offentlegheit av rapport

Rapporten vil verte tilgjengeleg for innsyn via Fylkesmannen sitt elektroniske arkiv, jf. offentlegheitslova.

6. Avvik

Desse avvika vart påvist under kontrollen:

Avvik 1 Verksemda har noko mangelfull internkontroll som gjeld ytre miljø

Avvik frå: Vilkår 2.2 i utsleppsløyvet, jf. internkontrollforskrifta § 5, nr. 6 og 7

Kommentarar:

Verksemda har ikkje gjennomført tilstrekkeleg kartlegging av risiko som gjeld det ytre miljøet. Risikokartlegging er likevel gjennomført for risikoelement innan beredskap og utslepp med omsyn til tryggleik. Fleire risikoelement er difor allereie vurdert, men omsynet til ytre miljø må tydeleg gå fram av vurderingane og verksemda si avgjerd om akseptkriteria.

"Internkontroll" for ytre miljø og "HMS" er to sider av same sak (sjå også omtalen i internkontrollforskrifta). Verksemda kan gjerne slå saman sine kvalitetsrutinar for produksjon med dokumentasjonen på internkontroll for ytre miljø. Såleis har t.d. arbeidsmiljøutvalet oppgåver når det gjeld å sjå etter utslepp. Verksemda har likevel ikkje godt nok tatt omsyn til at brot på ureiningsregelverket – som mellom anna er kravsett i utsleppsløyvet, skal meldast som avvik i internkontroll-dokumentasjonen. Nokre døme vart omtalt under samtalane. Skifte av personell gjer det særleg viktig at etablerte rutinar vert haldne fram. Eitt døme er mangel på utsleppsmåling som må handterast som avvik på ytre miljø krava. Etter vårt syn burde verksemda også ha utarbeidd rutinar for å melde til Fylkesmannen om unormale forhold som t.d. manglande prøvetaking (sjå kravsetting i vilkår 2.3).

Avvik 2 Verksemda har overutslepp av suspendert stoff (støv) til vatn og det er ikkje tilrettelagt for måling av i utsleppspunkt 2.

Avvik frå: Vilkår 3.2 i utsleppsløyvet, jf. også vilkår 2.3

Kommentarar:**A) Manglande måling**

Verksemda har – så langt det vart gjennomgått på kontrolldagen, gjennomført tilstrekkeleg prøvetaking av utsleppspunkt 1 og 3, men har endå ikkje tilrettelagt for prøvetaking og analyse i punkt 2. Punkt 2 har dykka utslepp rett nord for utskipingsarrangementet. Det må gravast for å få etablert system for representativ prøvetaking. Verksemda har vidare planar om å kople utsleppspunkt 2 og 3 saman. Fylkesmannen vil merke at slik mangel på prøvetaking skulle vore teke opp med Fylkesmannen utan ugrunna venting. Mangelen skulle vidare vore handtert som internt avvik.

Dersom verksemda meiner avviket ikkje snarleg let seg rette, må det takast opp med Fylkesmannen i form av søknad om mellombels endring av vilkår til løyvet. Til eventuell søknad må det liggje før konkrete planar om utbetring.

B) Overutslepp

Grensa for utsleppskonsentrasjon i punkt 1 synest å vere vanskeleg å halde. Overutslepp i dei mengdene som så langt er vist for Fylkesmannen må karakteriserast som **alvorleg avvik**.

Verksemda må så snart som råd gjennomføre nødvendige fysiske eller prosessuelle endringar for å få redusert overutsleppa.

Utsleppa skulle vore rapportert særskilt til Fylkesmannen etter vilkår 2.3.

Avvik 3 Drift av oppsamlingsarrangement for kjemikal må betrast

Avvik frå: Utsleppsløyvet vilkår 3.1

Kommentarar:

Oppsamlingsarrangementet har ein større mengd vassblanda væske (truleg frostvæske?). Væsken må handterast som farleg avfall. Arrangementet må haldast mest mogeleg tørt, og søl/spill bør fjernast som farleg avfall snarast råd. Dersom større mengde vatn vert liggjande, må også større mengd væske tømmast som farleg avfall. Effektiviteten til oppsamling vert også redusert – og de må til alle tider kunne dokumentere at sikringa er tilstrekkeleg og i samsvar med kravet i løyvet og dykkar akseptkriterie.

Verksemda har ei større mengd flytande kjemikal lagra under tak og innelukka med oppsamlingsarrangement under fata/dunkane. Dersom største eining er i storleiken 1 000 liter er det etter vårt syn sannsynleg at sikringa har tilstrekkeleg kapasitet. Det generelle regelverket er likevel ikkje tilpassa så stor samling av mindre einingar, og verksemda må ha ein særskilt og oppdatert risikovurdering av faren for samtidig brot på fleire fat/dunkar.

7. Merknader

Følgjande tilhøve ga grunn til merknadar under kontrollen:

Merknad 1 Tankar for drivstoff og farleg avfall ved administrasjonsbygg er ikkje sikra med oppsamlingsarrangement**Kommentarar:**

Vilkår 3.1 set nærare krav til sikringa. Korkje drivstofftanken med kapasitet på 50 000 liter diesel eller spilloljetanken med kapasitet på 6 000 liter er sikra tilstrekkeleg.

Det er for så vidt rett oppfatta at vilkåret også viser til krava i kap. 18 i ureiningsforskrifta "så langt dei passar". Det er nokre av dei viktigaste krava i kap. 18 som er gjengitt her. Vidare gjeld løyvet frå kunngjeringsdato i januar 2015. Datoane i kap. 18 gjeld såleis ikkje og verksemda må snarast råd sikre tankane.

Merknad 2 Oljeutskiljar synest å fungere dårleg

Kommentarar:

Oljeutskiljar er kopla til vaskeplassen for køyrety. Løyvet set vidare krav om maksimal mengd olje i utsleppsvatnet i vilkår 3.2 i løyvet.

Vaskeplassen er full av slam og steinstøv som dels ligg ved og over rist med avsig til oljeutskiljar. Det er grunn til å tru at utskiljaren tek imot større mengd slam enn den er dimensjonert for, og såleis vil ha redusert kapasitet.

Verksemda må dokumentere om kapasiteten er tilstrekkeleg og at oljeinnhaldet vert tømt min. ein gong per år (jf. min.kravet i kap. 11 i avfallsforskrifta). Verksemda må vidare vurdere om vaskeplassen bør liggje på tett dekke og korleis de kan sikre at minimalt med overflateslam/steinstøv vert skylt/spylt til oljeutskiljar.

Merknad 3 Måling av støvnedfall må følgje Norsk Standard der dette finst

Kommentarar:

Fylkesmannen vart informert om at måleprogrammet for støv vil verte utført av ekstern part. Vi har tidlegare fått tilsend resultat frå støvmålingar retta mot eksponering for tilsette. Slik rapport gjeld etter det vi kan sjå arbeidsmiljøtilhøve på arbeidsstaden og er innafør tilsynsansvarsområdet til Arbeidstilsynet. Vi vil streke under at målingane som gjeld ytre miljø må gjennomførast i samsvar med vilkår 4 i løyvet, og gjeld nedfall av støv over periodar på 30 dagar eller lenger. Vilkår 4.3 føreset at målingane, analysane og rapportering vert gjennomført av ekstern og uavhengig part med tilstrekkeleg kompetanse og kjennskap til NS – der dei finst. Fylkesmannen har ikkje gjengitt alle kravformuleringar i kap. 30 i vilkåra til løyvet. Formuleringar i kap. 30 kan difor nyttast for tolking av korleis de kan stette krava i løyvet. Såleis omtalar § 30-9 i avfallsforskrifta meir om korleis støvmålingar kan gjennomførast. Vi vil difor streke under at verksemda kan nytte annan målemetode enn NS – også der NS finst, dersom de kan dokumentere at eventuell annan metode gir minst same nøyaktigheit som NS.

Merknad 4 Merking av emballasje for farleg avfall og flytande kjemikal kan betrast

Kommentarar:

Spilloljetank er ikkje merkt, noko den bør vere etter § 11-12 i avfallsforskrifta.

Heller ikkje dieseltanken er merkt og vi var noko usikre på kor enkelt det var å kunne dokumentere mengd på tanken. Merking og enkel tilgang til mengd vil vere viktig ved tiltak mot eventuelle uønskte hendingar.

Kjemikal i IBC-container eller på fat er produktmerkt, men merkinga er ikkje godt synleg nokre stader (kjem an på korleis dunkane er plasserte på lageret). Det er heller ikkje utvendig merking av lageret – noko som kan vere viktig ved tiltak mot eventuelle uønskte hendingar.

Vi ber verksemda merke spilloljetanken, og vurdere anna merking mot dykkar akseptkriterie etter risikovurderingar og eventuelle krav/ønske frå brannvesenet.

8. Andre tilhøve

1. Produksjon og administrasjon

Verksemda har merka omstillingsforholda i oljesektoren, og har ikkje kunne utvida produksjonen så mykje som ein rekna med under søknadsprosessen til Fylkesmannen. Det er gjennomført endringar i administrasjonen som vi har forståing for gjer det krevjande med oppfølging av ytre miljø krav.

Verksemda har no eit godt grunnlag for å følgje opp viktige krav, avvikshandtere eventuelle forbedringspunkt og ha tilstrekkeleg formell og uformell kontakt med Fylkesmannen ved oppdaga unormale tilhøve.

2. Prøvetakingstid

Når det gjeld tabellen om prøvetakingstid i vilkår 3.2, bør den forståast slik at normal prøvetakingstid for uttak av min. månadlege vassprøver skal vere eit tal delprøver tekne over ein time. Verksemda **kan** velje annan prøvetakingstid, og kan då oppgje resultat etter tabellen, **eller** empirisk finne og dokumentere annan prøvetakingsstrategi som etter dykkar syn gir mest mogeleg representative prøver. Vi vil streke under at prøvetaking skal skje i den tida vaskeanlegget er i drift (maksimale, normale utslepp).

3. Utrekningsmåte støy

Fylkesmannen nemnde muntleg at måleparameteren L_{A1} for maksimalstøy natt, kan byttast ut med parameteren L_{AFmax} (same grenseverdi gjeld). L_{AFmax} er enklare å måle/rekne ut.

4. Årleg rapportering

Vi har tidlegare avklart at første ordinære årsrapport skal skje innan utgongen av mars 2016. Rapporteringa må skje utan årleg påminning frå Fylkesmannen, og bør minst omfatte forhold som nemnd i vedlegg 3. De vel inntil vidare sjølv format og omfang av rapporteringa så lenge det skjer på elektronisk lesbart format for Fylkesmannen. Vi ønskjer innsending så langt som råd i WORD- og/eller EXCEL-lesbare format.

5. Økonomisk sikkerheit

Vi vil presisere at kravet om økonomisk sikkerheit først og fremst gjeld handtering av avfall (farleg avfall). Dersom de kan vise til avtale om handtering av eventuelle restkjemikal, vil det kunne akseptrast som sikring. Vidare kan de samordne krav om sikring frå Fylkesmannen og frå Direktoratet for mineralforvaltning slik at de ikkje må stille dobbel sikring. Merk likevel at både Fylkesmannen og Dir. min. må ha kvar sin økonomiske sikkerheit.

Vedlegg: Dokumentunderlag for kontrollen:

1. Ureiningslova (lov 13.3.1981 om vern mot forurensningar og om avfall). Særleg viktige reglar er § 7 om plikt til å unngå ureining og tiltakspunkt dersom ureining oppstår, § 20 om tiltak ved driftsstans, § 28 om forbodet mot forsøpling, § 32 om plikt til å levere næringsavfall til godkjent mottak og kap. 6 om akutt ureining. Merk også at brot på ureiningslova er straffbart etter reglane i §§ 78 og 79.
2. Ureiningsforskrifta (forskrift 1.6.04 nr. 931 om begrensning av forurensning). Særleg viktige reglar er kap. 18, 20 og 30
3. Avfallsforskrifta (forskrift 1.6.04 nr. 930 om gjenvinning og behandling av avfall). Særleg viktige reglar er kap. 11 og 17
4. Internkontrollforskrifta (forskrift 6.12.96 nr. 1127 om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter, *med vekt på ytre miljø*)
5. Utsleppsløyve dagsett 28.1.15
6. Kjemikaliehandteringa
 - a. Rutinar for handtering av kjemikal og dokumentasjon på vurderingar gjort i høve til substitusjon (av helse- og miljøfarlege kjemikal)